



Vedtekter for Jølster Jeger- og fiskarforeining

Foreininga vart stifta **1972** og gjekk inn i Norges Jeger- og Fisker forbund i 1984

Desse vedtektena vart vedteke **02.03.2023.**

Gjeldande vedtekter er i samsvar med vedtektsnorma som vart vedteke på Norges Jeger- og Fisker forbund sitt landsmøte 14. november 2021.

§ 1 Namn

Foreininga/laget sitt namn er Jølster Jeger- og fiskarforeining, heretter forkorta JJFF

§ 2 Formål

Foreininga/laget sitt formål er dei same som for NJFF. Arbeidet i foreininga/laget skal byggje på NJFF sitt gjeldande strategidokument.

Foreininga/ skal:

- Bidra til at jegere og fiskarar har tilgang til å utøve jakt og fiske.
- Påverke til at jakta og fisket vert utøvd i samsvar med dei offentlege og privatrettslege reglane.
- Legge til rette for skytetreningsplass på skyteanlegget i Myklebustdalen.
- Samarbeide med skyttarlaget i Samarbeidsutvalet

§ 3 Medlemskap

Ein kvar person som er interessert i jakt, sportsfiske, anna friluftsliv og naturforvalting kan bli medlem. Foreininga/laget er tilslutta NJFF med alle sine medlemmar.

Medlemmane vert delte inn i dei medlemskategoriane i forbundet som til ei kvar tid gjeld.

Eit medlem har ingen rettar i organisasjonen utover den perioden som kontingensten er betalt for. Medlemskap vert fornya gjennom betaling av kontingensten for det komande året.

For å ha stemmerett, må medlemmet ha fylt 14 år.

Styret i foreininga/laget kan vedta eksklusjon, suspensjon eller tap av verv og rettar i samsvar med NJFF sine sentrale vedtekter.

§ 4 Medlemskontingent

Medlemskontingensten vert vedtatt av NJFF sitt landsmøte og Representantskap. Betalt kontingensten gjeld for eitt år frå betalingsdato. Kontingensten vert kravd inn av NJFF sentralt, som overfører vedtatt del til foreininga.

§ 5 Foreininga/laget sine styrande organ

a) Ordinært årsmøte



- b) Ekstraordinært årsmøte
- c) Styret

§ 6 Årsmøte

Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 31. mars. Årsmøtet skal kallast inn av styret minst fire veker før det vert halde. Forslag til saksliste for møtet skal følgje innkallinga. Saker til årsmøtet skal vere skriftlege og styret i hende seinast to veker før årsmøtet. Endeleg sakliste skal handsamast av styret og gjerast kjent for medlemane seinast éi veke før møtet. Det skal førast protokoll frå årsmøtet.

På årsmøtet skal følgjande handsamast:

1. Konstituering av møtet
 - Godkjenning av innkallinga
 - Godkjenning av dagsorden
 - Godkjenning av forretningsorden
 - Val av ordstyrar
 - Val av sekretær
 - Val av teljekorps
 - Val av to medlemar til å underskrive protokollen
2. Årsmelding frå siste kalenderår
3. Revidert rekneskap frå siste kalenderår
4. Innkomne saker med styret sine forslag til vedtak
5. Retningslinjer for foreningsdrifta
6. Andre saker som styret har ført opp på dagsorden
7. Styret sine forslag til årsplan og budsjett
8. Styret sine forslag til kontingentnivå (låg, middels, høg sats) for hovudmedlemskap.
9. Val av styre i samsvar med § 8
10. Foreininga sin utvalsstruktur og val av medlemmar til utval etter behov
11. Val av valnemnd på tre medlemmar
12. Val av revisor(ar)
13. Eventuell utnemning av æresmedlemmer
14. Eventuelt forslag om vedtektsendring med utgangspunkt i NJFF si vedtektsnorm
15. Gjennomgang av aktivitetar for inneverande år

Årsmøtet skal ha tilsyn med at tidlegare avgjerder er utførte i samsvar med føresetnadene.

Saker vert avgjort med alminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap har leiar dobbeltstemme, unntatt ved personval, der det vert føretatt loddtrekning. Personval bør vere skriftleg dersom det ligg føre fleire forslag og nokon krev skriftleg avstemming. Elles har ingen som er til stades meir enn éi stemme. Det er ikkje rom for fullmakter.

Inntil to representantar frå sentralleddet og/eller regionorganisasjonen har rett til å vere til stades med talerett.

§ 7 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller når eit tidlegare årsmøte har vedtatt



det, eller når det blir kravd skriftleg av 1/3 av medlemmene. Melding av saker og innkalling må skje innan dei same tidsrammene som for ordinært årsmøte.

Det skal først protokoll frå ekstraordinært årsmøte.

Det skal ikkje avgjerder i andre saker enn dei som er oppførte i innkallinga.

Inntil to representantar frå sentralleddet og/eller regionorganisasjonen har rett til å vere til stades med talerett.

§ 8 Styret

Foreininga/laget vert leia av eit styre på fem (5) medlemmar samt tre varamedlemmar, og skal veljast av årsmøtet for to år om gongen, men slik at tilnærma halve styret er på val kvart år.

Styret består av:

- Årsmøtevald leiar
- Nestleiar
- Kasserar
- Styremedlem
- Styremedlem

Styremøte blir halde når leiar fastset det, eller når det blir kravt av minst tre medlemmar av styret. Styret er avgjerdssyktig når meir enn halvparten av styret sine medlemmar er til stades. Vedtak blir gjort med alminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap har leiar dobbeltstemme. Styret er kollektivt ansvarleg for drifta av foreininga/laget og for dei vedtaka som vert gjort.

Det skal først protokoll frå kvart styremøte. Denne skal gjerast kjent for medlemmene.

§ 9 Styret sine plikter

1. Verne om foreininga/laget sine interesser, forvalte midlane, handheve vedtekten og foreininga/laget sine retningslinjer.
2. Gjennomføre årsplanen og andre årsmøtevedtekne saker. Førebu, behandle og fatte vedtak i saker av interesse for foreininga/laget.
3. Leggje fram for årsmøtet melding om verksemda i foreininga/laget gjennom det siste kalenderåret, revidert rekneskap, budsjettforslag og forslag til verksemdsplan i samsvar med NJFF sine strategidokument, for komande år.
4. Leggje fram for årsmøtet eventuelle forslag om utnemning av æresmedlemmar, samt eventuelle forslag om tildeling av NJFF sine diplom eller gullmerke for vidare ekspedering til NJFF sitt Forbundsstyre.
5. Rapportere årsmelding og rekneskap til NJFF sentralt innan 1. mai kvart år. Ajourføre liste over tillitsvalde i NJFF sitt medlemsregister og i Brønnøysundregisteret.
6. Arbeide for forenings- og medlemsfordeler, mellom anna høve til økonomisk støtte.
7. Ivareta foreininga/laget sitt arkiv.
8. Forvalte foreininga sine ressursar og eigendeler.

§ 10 Rekneskap

Rekneskapen følgjer kalenderåret og skal reviderast av revisor(ar) valde av årsmøtet. Revisjonen gir innstilling om rekneskapen til årsmøtet.



Foreininga/laget dekker reiseutgifter og eventuelle andre utgifter som representantar for foreininga/laget blir påførte i teneste.

§ 11 Vedtektsendringar

Foreininga sine vedtekter skal vere innanfor NJFF si gjeldande vedtektsnorm. Ved endringar i vedtektsnorma forpliktar lokallaget seg til å korrigere dette i sine vedtekter på førstkommande ordinære årsmøte.

Forslag til endringar i dei delane av vedtektena som foreininga sjølv kan tilpasse, krev 2/3 fleirtal på årsmøtet for å bli vedtatt. Vedtektsendringar må godkjennast av NJFF sentralt.

§ 12 Domsutval

Foreininga er forplikta av bestemmelsane i gjeldande domsutval i NJFF sine sentrale vedtekter og normer.

§ 13 Utmelding av NJFF

Utmelding av NJFF krev 2/3 fleirtal i to påfølgande ordinære årsmøte, og vert gjort gjeldande frå førstkommande årsskifte etter endeleg utmeldingsvedtak. Lovleg fatta utmeldingsvedtak må gjerast kjent for NJFF sentralt innan 1. september i året før utmeldinga.

Dersom foreininga/laget trekkjer seg ut frå NJFF utan gyldig vedtak i samsvar med desse vedtektena, kan NJFF sitt Forbundsstyre vedta at NJFF sitt regionlag skal overta foreininga/laget sine eignelutar på uttrekkingstidspunktet til fremje for forbundet sine formål i området.

§ 14 Opplysing av foreininga/laget

Dersom det ligg føre eit grunngjeve forslag om opplysing, skal styret behandle dette og leggje det fram for årsmøtet. Endeleg avgjerd i saka krev 2/3 fleirtal for opplysing i to på kvarandre følgjande årsmøte. Dersom det blir vedtatt å opplyse foreininga/laget, kan NJFF sitt Forbundsstyre vedta at midlane skal disponerast av NJFF sitt regionlag til fremje for forbundet sine formål i kommunen eller distriktet.

Dersom foreininga sjølv ikkje er i stand til å gjennomføre årsmøte, ligg det til regionlaget sitt styre å vedta opplysing.